

No kan dei få bake

GAULAR: Gaular formannskap bestemte i formannskapsmøtet på måndag at dei vil gje Ferske Smakar AS ved Gudrun J. Eikeland løyve til bruksendring på delar av eit kjellarlokale på eit bustadhus på Nos slik at ho kan produsere kaker i kjellaren.



Får køyre opp skispor

GAULAR: Solheimsdalen Grendelag får løyve til å nytte snøscooter til oppkøyring av skiløyper i området Solheimsdalen-Førde grense-Gjøsetstølen. Det bestemte Gaular formannskap i formannskapsmøtet 30. januar. Eit vilkår for løyvet er at det vert vist særleg aktsemd i høve til dyrelivet i området.

Aud vil gjere verda finare

JØLSTER/OSLO: Aud Julie Befring hadde tenkt å redde verda, men ombestemte seg og nøyer seg med å gjere verda finare.

DESIGN

IVAR MYKLEBUST LONGVASTØL
ivar@firda.no 911 49813

25-åringen frå Stardalen i Jølster vann design- og produktkonkurransen til Norsk Husflidslag og Statoil med den ambisiøse tittelen «Morgondagens heltar lagar morgondagens kulturarv».

Aud Julie vann med Sting, eit særprega møbel inspirert av puffen som besta i Stardalen, Målfrid Befring, brukar til strikkesøyet og tøflane til besten.

50.000 kr i premie

Førstepremien er 50.000 kroner, heidersplass på ei utstilling på Hadeland Glassverk som opnar til helga, og medverknad i Statoils program Morgondagens Heltar, saman med nokre av dei mest talentfulle unge menneska i Norge innanfor kultur, utdanning og sport.

- Eg trudde ikkje at eg kunne vinne, men hadde håp om å komme med på utstillinga. Dette er først og fremst ei stadfesting av at det eg gjer, er rett. I juryen sat industridesignarar som kan sitt yrke, seier Aud Julie.

Ifølgje juryen står Sting fram som ein klar vinnar, av i alt 42 produkt levert av studentar på Høgskolen i Akershus, line for produktdesign på Lillestrøm, der Aud Julie er elev, og Høgskolen i Telemark, Institutt for folkekultur.

SAKA

► Norsk Husflidslag utfordra studentar til å sjå på norsk husflidstradisjon med nye og friske auge, gjennom konkurransen «Morgondagens heltar lagar morgondagens kulturarv». Aud Julie Befring frå Skei gjekk til topps.

Vinnaren får ros både for prosess og resultat. Sting er eit balansert produkt med eit godt materialval og godt samspel mellom treverket og den tekstile delen, står det mellom anna i grunngevinga frå juryen, leia av Gunhild Digre.

Lykkeleg, men ikkje rik

Aud Julie fortel at ho tenkte «fornuftig» og starta på barnevernsutdanning på høgskulen i Sogndal, men slutta etter eitt år og bestemte seg for å følgje hjartet.

- Planen var å bli barnevernspedagog og redde verda, men eg fann ut at andre får ta det ansvaret. Eg får heller vere med å gjere verda finare, skrattar ho.

Etter Sogndal jobba ho to år som kurs og konferansevert på hotellet på Skei, for å tene pengar til å realisere målet om å bli designar. I desse dagar set ho i gang med eksamensoppgåva fram til bachelorgrad i juni.

- Vi har fått beskjed om at berre tre prosent kan rekne med å få jobb, resten må starte for seg sjølv, så det var eit dristig val. Eg har sagt til sambuaren at vi vert nok lykkelege, men neppe rike.


Aud Julie voks opp i ein kreativ familie. Broren Jan Tore er musikkar i dei lokale banda Aventura og Drusar. Farmor Målfrid lærte



Vi har fått beskjed om at berre tre prosent kan rekne med å få jobb

AUD JULIE BEFRING

henne å strikke, og i stova til besta og besten står framleis puffen som onkel Kjell laga på folkeskolen. Eit spennande møbel til å gøyme vekk skattar i, synest Aud Julie, og utvikla framtidens puff som begeistra ein kresen jury.



KRAFTIG STRIKK: Aud Julie strikka kraftige «pølsar» som også kan brukast som handtak. Foto: privat

Utdanning på deltid

SKULE: Hausten 2012 startar desentralisert grunnskulelærerutdanning på deltid i region Nordhordland, studiestaden blir Breistein. Utdanninga er eit samarbeid mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane og NLA Høgskolen. 15. februar kl 18.00 er det informasjonsmøte ved Brekke barnehage og skule.



Båtrute på plass

SAMFERDSLE: Bjørn Vold (bilete) i Gulen har vunne anbuds konkurransen om båtskysst til Otterdal. Båten Jan Cato byrjar å gå i rute mellom Grodås og Otterdal 6. februar og skal køyre elleve turar i veka. Båten Jan Cato har 16 passasjerplassar og er 11,4 meter lang og har ei marsfart på 18 knop.



VINNARPUFFEN: Aud Julie Befring (t.v.) med puffen Sting. Ho har late seg inspirere av broderi, strikking og gammal lafteteknikk og brukt det på ein ny og elegant måte, meiner juryen. Ine Bryhn (t.h.) vart nummer tre med «Belyste minner». **Foto: Arve Henriksen, Aftenposten/Scanpix**



FUNN: Kroppsvarmen lyser i høve til omgjevnadene. **Illustrasjon: Redningssselskapet**

Kan ta bilde som reddar liv

GULEN/SOLUND: -Det er ikkje spørsmål om om dette utstyret vil redde liv, men når, seier Bjørn Håkon Rasch, leiar i Gulen/Solund sjøredningskorps.

BEREDSKAP

KNUT MAGNUSSEN
knut.magnussen@firda.no 91149817

Utstyret han referer til, er eit varmesøkjande kamera til nær 200.000 kroner som denne veka blei montert om bord på redningsskøyta «Utvær». Dermed har alle dei tre redningsskøytene som er stasjonerte her i fylket, fått slikt utstyr. Dei to andre er «Emma Dyvi» med base i Florø og «Simrad Buholmen» med heimhamn i Måløy.

Dei økonomiske utfordringane i Redningsselskapet er vel kjende, og kameraet som Rasch har så stor tru på, er derfor finansiert gjennom gáver, både frá Solund verft AS og ein privat gjevar, mens florøfirmaet Sigurd Solberg AS utførte monteringsarbeidet gratis.

Gáver og støtte

- Veldig positivt at folk og firma langs kysten støttar slik opp. Redningsselskapet er heilt avhengig av gáver frá næringsliv og privatpersonar for å kunne fornye utstyr og halde oppe beredskapen, seier Martin Iglund Malkenes som er sals- og marknadsansvarleg i Redningsselskapet avdeling Sogn og Fjordane.

Ser i sjøen

Kameraet lagar bilete basert på at det fanger opp varmen frá menneske, dyr og andre objekt som ligg i vatnet, og er dermed



NYTTIG REISKAP: Bjørn Håkon Rasch (t.v.) og Frøde Kvamme frá sjøredningskorpsset i Gulen/Solund ser fram til å ta i bruk utstyret som Astor Hugøy er i ferd med å montere. **Foto: Redningsselskapet**

eit godt hjelpemiddel når ein driv søk etter personar som ligg i sjøen. Også for redningsskøyta sjølv betyr kameraet auke tryggleik, sidan det kan fange opp gjenstandar som ligg i vassflata og som kan vere farleg for båt og mannskap ved ein eventuell kollisjon. Dermed kan også redningsskøyta komme fortare og tryggare til åstaden.

Forureining

Redningsselskapet skal ikkje berre redde liv, men er også ein del av bredskapsapparatet i samsam med forureining, til dømes etter skipshavari eller utslépp. Kameraet er ein nyttig reiskap ved slike hendingar, fordi det kan registrere oljesøl og anna forureining i sjøen.

Kameraet har ei rekkevidde på inn til 800 meter. Dermed kan kameraet også nyttast til søk både langs strender men også oppe i fjellsidene langs fjordane, og med kamera om bord på «Utvær» har Redningsselskapet utstyret montert på alle dei tre fartøya sine her i fylket.

- Tek gjerne jobb for Viken

- Det hadde vore artig å vere med å utvikle eit produkt saman med Audhild Vikens Vevstove på Skei, seier Aud Julie Befring.

Ho førebur seg på ein tøff kvar dag når eksamensoppgáva er levert og bachelorgraden er i boks i juni. Til eksamen skal ho utvikle ei boks for oppbevaring av smykke, og før ho set i gang med den praktiske jobben, skal ho intervjuje mange som har kunnskap om dette.

- Det ideelle vil vere å finne ei bedrift å samarbeide med, seier Aud Julie.

Etter ferien vil ho bruke ein del tid på å realisere småprodukt som ho har idear om, på skulen på Lillestrøm, og ho har avtale om eit samarbeidsprosjekt med illustratør Marie Rundereim i Førde.

- Alle designarar drøymmer om å kunne leve av å lage eigen design, men sal og produksjon er krevjande. Då skal du ha gode kontaktar, vere flink og ha flaks, seier ho.

Farmor Målfrid Befring i Stardalen som har vore lærar og inspirator, synest det er heilt fantastisk at barnebarnet har fått så gode tilbakemeldingar. I jula sat Målfrid, Aud Julie og søstera Merete med hovudlykter og strikka grove «pølsar» til premiepuffen, etter at «Dagmar» hadde teke straumen.

- Aud Julie er kreativ og omsorgsfull. Ein solstråle i heimen, seier besta i Stardalen, og tek gjerne litt av æra for førstestepremien.